

Sivilingeniør Sigmund Hatløy
Andreesgt. 20
4016 Stavanger
Tlf 47500883

28. 01. 2011

debatt@aftenbladet.no

LOVLAUST I OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET.

Aftenbladet har kritisert Olje- og energidepartementet (OED) for saksbehandlinga i klagesaker om vindkraftverk i Rogaland. Informasjonsjef i OED, Ole Berthelsen, har i eit innlegg bl.a. svara: "Avisens påstand om at departementet "blåser i loven" er derfor tatt ut av luften. Departementet etterstreber åpen og grundig saksbehandling i samsvar med både forvaltningsloven og god forvaltningsskikk."

Kva er andres erfaringar med OEDs gode forvaltningsskikk?

Stortinget gjorde i 1992 eit lovvedtak om at eldre vassdragsreguleringar kunne reviderast når dei var 50 år gamle. Stortinget har gong etter gong vedtatt at slike revisjonar skal vera eit høgt prioritert miljøtiltak for vassdrag som tidleg vart regulert til kraftproduksjon.

Etter initiativ frå Årdal elveeigarlag bad Hjelmeland kommune i søknad av 1998 om at Lyse Energi si regulering av Årdalsvassdraget frå 1948 vart revidert. Sidan reguleringa er utan krav om minstevassføring vart det krevd nye vilkår som sikrar minstevassføring på linje med det andre kraftprodusentar i lang tid har blitt pålagd. Grunngevinga var omsynet til den verdfulle storlaksstamma i vassdraget, m.m.. Kravet om revisjon vart støtta av Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for naturforvaltning, Miljøverndepartementet, og naturvern-, fisker-, og turistorganisasjonar.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) som saksbehandlar av søknaden viste stor motvilje mot å retta seg etter Stortinget sine vedtak om revisjon. Etter purringar, bl.a. frå Sivilombudsmannen, laga NVE forslag om nye reguleringsvilkår om minstevassføring, og sende innstillinga til OED i 2003. Det er OED som gjer vedtak i slike saker. Etter 8 år, – åtte år –, har OED ennå ikkje behandla revisjonsaka. Denne saboteringa av lovverk og fleire Stortingsvedtak er altså det OED kallar god forvaltningsskikk.

Fleire instansar har peika på at innstillinga frå NVE av 2003 har fleire grove faktafeil. Dette har OED heller ikkje reagert på.

Kraftselskapa likar ikkje vilkårsrevisjonar. I særleg grad har Lyse Energi vore opptatt av å halda på den privilegerte konkurransesituasjonen energiselskapet har i forhold til andre kraftprodusentar, produsentar som praktiserar pålagde og frivillige miljøtiltak i sine regulerte vassdrag. Det er lett å forstå kvifor kraftselskapa er så rause med å støtta politiske parti som styrer i OED. Det må vera oppmuntrande å få gjengjeldt støtten med slik forvaltning av sine særinteresser som det her er illustrert.

Sigmund Hatløy

Kopi til: Olje- og energidepartementet
Sivilombudsmannen
Riksrevisjonen

